# BYGG & BUSTAD

VÅR 2025


Trivsel på Sandvin side 2-3
Ny eigar på Tveiten side 6-7
Gammal gard får ny historie side 10-11
Bygde det meste sjølv side 16-17




# *Hyggehus i hagen*

FOTO: Åsne Mæland

**UTESTOVE:** Midt i Breisås har Ragnhild Sagaas Buverud og Helge Nymoen skapt seg ein liten oase i hagen. I det som opprinneleg skulle vere eit drivhus har dei også fått ei koseleg utestove. **SIDE 26-27**


Bø blad
Lokalavis for Midt-Telemark



**TRIVAST I NYTT HUS:** Liv og Bjørn Lunder føler seg heime i Midt-Telemark.

# – Her føler me oss v

## Liv og Bjørn Lunder trivast i sin nye heim, med utsikt mot Lifjell og kort veg til sentrum.

*Åsne Mæland*
redaksjon@boblad.no

– Eg hugsar enda kjensla frå fyrste gongen nokon sa «hei» til meg på butikken. Eg vart så glad, og måtte rett heim og fortelje det til Bjørn, fortel Liv med eit smil.

– Det var rart at det skulle vere så stort, når ein sjølv kjem frå ei lita bygd der ein kjenner alle.

I juli 2020 gjekk Liv av med pensjon. To månader etter flytta ekteparet Lunder til Bø, ei relativt ukjent bygd for dei begge.

– Det var veldig spennande, og litt rart å flytte til ein heilt ny plass. Pensjonistlivet har tatt form her, og me har det veldig godt, seier paret.

### Nærmare familie

Liv og Bjørn Lunder har budd på Tangen, like ved Hamar, i over 40 år. Der har dei levd eit fint og travelt liv med tre barn.

Bjørn var mekanikar og Liv har jobba i barnehage. Etter kvart vart barna vaksne og flytta til ulike plassar på Austlandet. Sonen deira flytta til Bø for over 20 år sidan, då han fekk jobb ved Telemarksforsking.

– Me tenkte at ein einebustad med stor hage etter kvart ville bli for mykje arbeid, seier Liv.

– I tillegg er Tangen en liten plass, med berre matbutikk og frisør. Me var heilt avhengig av bil, seier Bjørn.

Paret ønska å vere nærmare familien, og det var svigerdottera i Bø som først foreslo at dei kunne flytte hit.

– Etter å ha tenkt masse og diskutert ein del, bestemte me oss for å flytte til Bø. Me ante ikkje korleis det ville bli, fortel Liv.

I september 2020 flytta dei til Midt-Telemark. Koronapandemien hadde gjort det vanskeleg å reise til Bø for å følgje med på bygginga av huset der dei skulle bu, så dei var spente på korleis den nye heimen hadde blitt.

### Trivast i bygda

Det var via Finn at paret fann byggeprosjektet i Sandvinvegen. Nytt rekkehus med utsikt og kort veg til sentrum var midt i blinken for dei. I tillegg fekk dei ein passe stor hage å stelle med.

Dei har gjort lite endringar på originalteikningane av huset. På taket har dei solceller som produserer nesten nok straum til deira forbruk.

– Det er godt isolert, så lyd frå trafikken er ikkje noko problem, men me høyrer dei største basskassene her, seier Bjørn med eit smil.

– Me trivast veldig godt her. Det er berre fint å ha naboar tett på, dessutan er nabolaget stille og roleg, seier Liv.



ALLE FOTO: Åsne Mæland

# eldig heime



**FINT HUS:** Liv og Bjørn Lunder likar seg i rekkehus på Sandvin.



**SAMARBEIDER OM HAGEN:** Ekteparet har alltid vore glad i å stelle i hagen. Bjørn har laga mur av steinrestar frå bygginga av huset, og Liv har ordna med plantar.



**KIKKAR PÅ RÅDYR:** Bjørn fekk ein kikkert til bursdagen sin for nokre år sidan. Den brukar han nesten kvar dag. Han fortel at det er mykje rådyr på jorda utanfor, særleg om våren og hausten.

– Det er veldig trygt og godt å ha familie i nærleiken, seier Liv.

Ho trekker fram middagsbesøk med familie og barnebarna sine fotballkampar som høgdepunkt i kvardagen.

– I tillegg er ikkje IT-hjelpa langt unna når det er noko som ikkje stemmer med TV-en eller datamaskina, seier Liv og ler.

Ved å flytte til Bø har det òg blitt enklare å treffe dei andre barna og barnebarna, som bur i Oslo og nærleiken av Moss.

– I tillegg får heile familien sett kvarandre oftare nå som me bur i Bø. Det er me veldig glade for, seier Liv.

## Mykje å ta seg til

Ho og Bjørn synest Bø har mange gode tilbod som dei nyttar seg av.

– Det blir kva ein gjer det til sjølv. Ein må gjere jobben og vere engasjert for å bli kjent med folk og bygda, seier Liv.

Paret går tur nesten kvar dag, og synest Bø har mange fine turområde. Dei går turar langs Bøelva, i sentrum og på Lifjell.

Dei har òg vore med på Gulltrimmen, og nyttar seg av El-syklar dersom dei skal på lengre turar. I tillegg er dei på organisert trening eit par gonger i veka.

– Me likar òg å gå på kino og konsertar, seier Bjørn.

Liv er medlem i Bø museum, der ho blant anna deltek i dugnadsarbeid.

– Me har verkeleg blitt tatt godt imot av alle i bygda, seier Liv.

## Ikkje berre enkelt

Valet om å flytte frå Tangen var ikkje enkelt.

– Det var vondt og vanskeleg å flytte frå barndomsheimen til barna. Barna syntest òg det var litt vanskeleg i starten, seier Liv.

I tillegg saknar dei naboar og vener der.

– Det er rart å ikkje føle seg godt kjent i bygda der ein bur. Det er for eksempel vanskeleg å hengje med på stadnamn og personnamn på ein ny plass. Sånn er det berre, og me gjer så godt me kan, seier Liv.

Dei understrekar at både dei og familien likevel er glade for at dei valte å flytte til Bø.

– På Tangen hadde me mykje meir plass, med blant anna dobbelgarasje. Me måtte derfor ta ei skikkeleg opprydding, seier Bjørn.

Dei fortel at det var frigjerande å kvitte seg med ting og tang.

## Tok med seg historie

I rekkehuset på Sandvin har dei fått ein ny start. Samtidig har det vore viktig å få med møblar og anna som har betydning for dei. I stova står det blant anna eit skap frå 1810 som tilhøyrde Bjørn sine oldeforeldre. Far til Liv dreiv med treskjering, og på veggane heng det utskjeringar som han har laga.

– Det var viktig for oss å ta med historia vår når me skulle skape ein heim på ein ny plass, seier Liv.

– Me blir nok aldri ekte bøheringar, men me føler oss absolutt heime her, avsluttar dei.














Vi forhandler IdeHUS

Ta gjerne en tur innom på vår hjemmeside **tbeas.no** eller på **idehus.no** der du finner et rikholdig utvalg av boliger, hytter eller garasjer.

Du kan også kontakte Kristian Eika på 452 13 811 eller på kristian@tbeas.no

TBE
Telemark ByggEntreprenør AS

Din lokale byggentreprenør

**Telemark ByggEntreprenør AS er entreprenør- og boligleverandør med kontoradresse Torshølvegen 8, 3810 Gvarv.**

Vi har i dag 35 fast ansatte og har vårt nedslagsfelt i hele Telemark.



**KLAR FOR NY SESONG:** Rashpal Singh (f.v.), Olaug Heggekroken og Amrit Kaur i gartneriet. ALLE FOTO: Øystein Akselberg

# Klar for ny sesong

**I gartneriet til Rasphal og Amrit bognar det no av blomstrar i fire veksthus og på eit stort uteområde.**

Øystein Akselberg
oystein@boblad.no - tlf. 906 38 453

Rashpal Singh og Amrit Kaur har opna dørene igjen, og ønskjer ein ny sesong velkomen.

I gartneriet til paret er det fargerikt og fint i starten av deira andre sesong. Her er det både blomstrar, busker og tre å velje i.

Gartneriet ligg sentralt til, og med bedrifta si held paret liv i ein lang tradisjon. I Moen gartneri på Brenna, midt mellom Gvarv og Bø, har det vore gartneri i 70 år.

No heiter bedrifta Gvarv blomster.

## Fire drivhus

Når Bø blad er på besøk kjem også Olaug Heggekroken innom. Ho og mannen Tor Harald eig gartneriet og har drive det sjølv i ei årrekkje.

– Å herlegheit så mange blomstrar de har, seier Heggekroken når ho kjem inn i det første veksthuset.

Ho er veldig imponert over alle blomstrane ho får sjå. Gvarv blomster har fire drivhus med til saman 1200 kvadratmeter areal, pluss mykje uteplass.

– Me har vore i gang med å dyrke fram blomstrar i tre veker og no passar det perfekt å opne. Det er sesongstart for å plante blomstrar - og fint vêr, seier Rashpal.

Han legg til at dei til saman har rundt 10.000 blomstrar.

## Meir enn i fjor

Rashpal og Amrit har budd på Hjuksebø i nær tre år, og kom frå India til Noreg for 13 år sidan.

Rashpal har jobba i gartneri i Buskerud i fem år før dei starta opp eiga verksemd i Midt-Telemark.

Paret reknar med at dei har ein god auke i talet på blomstar og plantar i høve oppstartsåret i fjor. Dei viser fram sommarplantar, hageplantar, stauder, bærplantar, buskplantar, frukttre og tuja.

– Me har 1300 amplar mot 700 i fjor, seier Rashpal.

Han viser også fram mange fine blomstrar av sorten tusenfryd, stemorsblom og hagerose.

## Unge er kjappare ute

Dei meiner å sjå ein trend blant folk at unge hus- og hageeigarar er raskare med å gå i gang med plantesesongen enn eldre folk.

– I år har me meir av det meste, men også meir buskplantar, bærplantar og uteplantar generelt, seier han.

Dei reknar med at årets sesong skal vare fram til starten av september.



**UTVIDAR:** Rashpal Singh og Amrit Kaur er klar med ny sesong i Gvarv blomster på Brenna.



**FINE FARGAR:** Hjå Gvarv blomster er det blomstrar og fine fargar på over 1200 kvadratmeter flate.

# – Hans er eit kupp



**PRATEN GÅR:** Marie Klever Bøye og Hans Sundsvalen har mykje å prate om rundt kjøkkenbordet.



**SLEKTSTAVLE:** Slektstavle med utgangspunkt i Ole Nielsen, som kjøpte garden Tveiten i 1837. FOTO: Privat



**STOKKANE FORTEL:** Stokkane i det gamle stabburet fortel Hans mykje om alder på bygningen.



**NYE OG GAMLE HUS:** Torild, Marie og Hans ved huset som Marie og Roar fekk bygd i 2000. I bakgr

## Skravla går om slekts- og gardshistorie når Marie og Hans møtest. Nå skal dei to slektningane ferdast på same tun.

Gro Birgitte Røiland
gro@boblad.no - tlf. 930 22 398

– For dei som trur på slikt, det var nok ei meining med at Hans skulle hit. Det har alltid vore ein sterk forbindelse mellom Tveiten og Sundsvalen, seier Marie Klever Bøye.

I spalta eigedomsoverdragingar i Bø blad kunne ein nyleg lesa at Fykerudvegen 5 (Gnr 123, bnr 2) var overdradd for kr 4.150.000 frå Marie Soon Hee Klever Bøye til Hans Sundsvalen og Torild Sundsvalen.

Fykerudvegen 5 er garden Tveiten, som ifølgje Hans blei skilt ut frå Sunde og rydda på 800-talet, i tidleg vikingtid. Tveiten blei skilt ut frå nabogarden Sundsvalen, der Hans har vakse opp, på 1300-talet.

### I slekta sidan 1837

Garden har vore lenge i Marie og Hans si slekt. Marie er sjette generasjon på garden, Hans femte generasjon.

Ole Nielsen (f. 1798), Hans sin tippoldefar og Marie sin tipptippoldefar, kjøpte Tveiten i 1837.

Ole Nielsen var elles ordførar i Sauherad frå 1848 til 1852, noko tippoldebarnet Hans Sundsvalen var frå 1999 til 2015.

Far til Marie, Olav Klever, overtok Tveiten av sin onkel i 1971. Året etter flytta Olav med familie inn i nybygd hus på tunet, der det også stod eit gamalt våningshus frå 1901.

I 2000 var det Marie sin tur til å overta slektsgarden. Ho og mannen Roar fekk sett opp nytt hus der det gamle våningshuset på garden ein gong stod, eit hus som Olav Klever reiv i 1989.

Nyleg kom spørsmålet opp om nokon av deira barn ville overta.

– Me har tre barn i alderen 24, 27 og 29 år. I fjor hadde me ein runde på om dei skulle overta eller ikkje. Dei sa tydeleg ifrå at det ikkje var aktuelt, seier Marie.

### Ville ikkje ut på open marknad

Marie Klever Bøye (55) er einebarn. Av pappa Olav har ho ikkje bare arva garden, men også ei stor interesse for slektshistorie. Da ho som jentunge skulle laga 4H-oppgåve, handla den om slekta.

Sidan barna deira ikkje ville overta slektsgarden, måtte ho ta stilling til kva som skulle skje når ho ikkje ville drive lenger.

– Eg har tenkt mykje på dette. Eg hadde ikkje lyst til å leg-

# for denne garden



unnen eldhuset frå før 1750. ALLE FOTO: Gro B. Røiland



**KORT VEG:** Det blir kort veg med piano og anna flyttelass når Marie og Roar i løpet av sommaren flyttar over tunet.



**FELLES INTERESSE:** Marie og Hans har ei felles interesse i slektshistorie. Her ser dei på eit bilde frå 1882 som viser tunet på Tveiten og slektningar som budde der da.



**TVEITEN:** Flyfoto av Tveiten, som Marie Klever Bøye har overdradd til Torild og Hans Sundsvalen. Marie flyttar nå tilbake til barndomsheimen, huset til høgre i bildet. FOTO: Privat

ge ut garden for sal på den opne marknaden, eg ville at den skulle bli i slekta, fortel Marie.

Svaret fann ho rett oppi bakken. Far hennar, Olav som døydde i 2017, hadde nemleg gitt ho eit godt råd.

### – Spør Hans

– Pappa sa alltid at viss eg ikkje ville overta garden, så ville han spørje Hans. Dei var tremenningar og hadde eit nært og godt forhold, fortel Marie.

Eit steinkast oppi bakken i Fykerudvegen bur Torild (71) og Hans (76) i huset som dei bygde i 1979. Hans har vore mykje på Tveiten i heile oppveksten, garden der bestemor Bergit blei fødd i 1872. Da foreldra til Marie bygde hus på tunet, grov Hans ut tomta.

Nå overtar Hans og Torild garden. Marie og Roar flyttar i løpet av sommaren over tunet og inn i barndomsheimen til Marie. Den har dei siste åra vore utleigd.

– Me blir kårfolk. Det blir rart og veldig bra. Alt er bra med det her, seier Marie.

### Fått ro i sjela

Tveiten er ein gard på 1750 mål, med skog og om lag 50 mål dyrka mark.

Både Hans og Torild har bikka pensjonsalder, men dei har inga bekymring for å overta og drive ein gard.

– La me stille deg eit motspørsmål, kvifor skulle me ha det? Ingen veit noko framfor seg uansett, seier Hans.

– Det er bare moro, koseleg og spennande. Det er spennande med gard og alt som høyrer med til det, seier Torild.

– Dette kan Hans, å drive med skog, jord og ikkje minst ta vare på ting. Nå har eg fått ro i sjela, seier Marie.

### Ekspert på restaurering

På Tveiten finst det mellom anna eldhus frå før 1750 og stabbur der den eldste delen truleg er frå 1600-talet eller eldre. Det passar bra for den nye bonden på garden. Å ta vare på gamle ting og spesielt bygningar er noko Hans har lang erfaring med.

I 1990 starta Riksantikvaren eit prosjekt for å sette alle profane (ikkje-kyrkjelege) bygg frå mellomalderen i bra teknisk stand. Hans Sundsvalen er tømrar og var med frå starten.

I ti år var han restaureringsinstruktør for Riksantikvaren og medvirka til restaurering både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Hans har hatt kurs i alle landets fylke, bortsett frå Østfold og Finmark, og besøkt Sverige, Danmark, Italia, Tyskland og Russland i samband med restaurering.

Nå får han litt å henge fingrane i på slektsgarden Tveiten.

– Hans er eit kupp for denne garden, seier Marie Klever Bøye fornøgd.

# Trinn to igang, kun 1 leil igjen!







Bø sentrum- Lektorvegen 20, 3802 BØ I TELEMARK

Fra hjem til hjem

**Lekkre nye leiligheter m 3 soverom. Sentrale og rolige omgivelser. Sikringsordning|Energibrønn m/ lav oppvarmings kost |Carport og bod|Stor balkong**

PRISANTYDNING U FELLESGJ

**Fra 5 470 000,-**

FELLESUGIFTER
U/F.GJ KR 3807,-
V/ANDEL FELLESGJ.
Kr 2 695 000,- kr
15312,- /mnd
OMKOSTNINGER
KR 18 632,-
TOTALPRIS
KR 5 488 632,-

BRA-I/ BRA TOTAL
102/ 107 m²
TOMT
985 m² eiet
BYGGEÅR
2024/25
BOLIGTYPE
Leilighet

Prospekt på mobil? Send «Bolig 609225067» til 09999

VELKOMMEN PÅ VISNING
Torsdag 20.05 kl 1700-1800



Jeanette Arnesen-Eriksrød
Eiendomsmegler
+47 900 27 026
jeanette.arnesen-eriksrod@dnbeiendom.no

DNB Eiendom



# Trygghet når du trenger elektriker




Hos oss kan du føle deg trygg på at jobben er utført av dyktige fagfolk. Vi har bred kompetanse innen blant annet Smarthus, belysning, solceller, el-kontroll og termografi, og leverer alt av elektrotjenester til private og næring.

5 års garanti

Visste du Elfag-elektrikeren garanterer kvaliteten av sine arbeider, materialer og utstyr i fem år?

MITEK MIDT-TELEMARK ELEKTRO

mitek-as.no
Tlf. 35 10 24 00
post@mitek-as.no

elfag


Alt til byggeplassen
Bygg med tillit ved å velge TBU AS, din **ultimate leverandør for alt på byggeplassen.**
TBU
Heddalsvegen 41, 3674 Notodden
Tlf. 35 01 97 20

# Skaper ny historie

**– Då me skulle bygge opp att huset etter brannen, var det viktig å ta med det gamle og tradisjonsrike, seier folket på Ryntveit.**

Åsne Mæland
redaksjon@boblad.no



**GARD MED HISTORIE:** Olav og foreldra Helene og Johan Haukvik bur på ein gard med lange tradisjonar.

– Dette er ein fantastisk plass å bu, seier Helene og Johan Haukvik.

Heimen deira ligg på ei solrik tomt, har turområde tett på og vakker utsikt over Norsjø.

### Kjøpt for 32 000 kroner

Dei bur på Ryntveit gard på Akkerhaugen, og her har paret budd sidan 2009 med dei tre barna sine Olav (22), Matilde (19) og Ingeborg (16).

Historia til slekta på garden strekk seg heilt tilbake til slutten av 1700-talet. Bestefaren til Helene kjøpte garden i 1927 for 32 000 kroner.

Helene var odelsjente på garden, men usikker på om ho ville ta over. Då Olav blei født i 2003, fann Helene og Johan likevel ut at dei ønska å ta over Ryntveit gard etter kvart. På dette tidspunktet budde dei i Skien.

– Det var viktig for Helene sin far at garden skulle vere barndomsheimen til barna våre, fortel Johan.

Derfor var planen å flytte til Akkerhaugen før Olav starta på skulen. Dei gleda seg til å flytte inn i det gamle våningshuset på garden, der den eldste delen, gamlestova, vart bygd i 1790.

### Mista alt i ein brann

Brått vart alt snudd på hovudet.

Helene, Johan og sju veker gamle Olav var på helgebesøk på Ryntveit gard. Om kvelden gjekk straumen, og far til Helene gjekk for å bytte sikring.

– Me såg ut av vindauget, og syntest det hadde blitt tåkete veldig fort, og eg følte at noko ikkje stemte. Derfor gjekk eg ut for å sjå, seier Helene.

Synet som møtte ho var store flammer i andre delen av huset, der gamlestova låg.

Alle kom seg trygt ut, men huset brann heilt ned til grunnen. Helene fortel at det var veldig vondt å sjå på at barndomsheimen brann ned.

– Det viktigaste er likevel at ingen vart skada. Heldigvis skjedde det på kvelden, og ikkje om natta. Alle sov i andre etasje, så det kunne gått veldig gale, seier Helene.

Det var mykje uerstatteleg som gjekk tapt i brannen. Ting som bunadssølv, måleri og bilete forsvann.

– Det var også mange verdifulle møblar i det gamle huset. Mykje av det var rosemåla og plassbygd til huset. I andre etasje sto det blant anna to himmelsenger, fortel Johan.

### Blandar det nye og gamle

Det var viktig for Helene sin familie å gjenskape mykje av det gamle huset då dei bygde det nye.

Fasaden på det nye huset er nesten heilt lik den gamle. Veggane er også sett opp utan bruk av spikerpistol for å unngå sår i panelet. Taket er valma, og vindauga er småruta.

– Når familien til Helene kjem på besøk, ser dei eit hus som er ganske likt det dei voks opp i. Det er veldig fint, seier Johan.

– Inni huset har me derimot gjort ein del endringar. Det gamle uttrykket er ivaretatt, men me har valt løysingar som er meir praktiske i tida me lever i, forklarer Helene.

I andre etasje er soveromma gjort mindre, og fellesarealet er større i form av ei TV-stove. I første etasje har gamlestova blitt bygd på nytt, med store bjelkar i taket og lågare takhøgde.

I resten av huset er det òg bjelkar i taket, og veggane har breiare panel enn det som er standard.

### Tidlaus stil

– Far til Helene var opptatt av at huset skulle byggast slik at det kan stå i 100 år. Golva er derfor av heiltre ask, som er knallhardt og slitesterkt, seier Johan.

– Me har elles valt ein tidlaus stil, og har fokusert på å blande saman det gamle og nye, seier Helene.

Kjøkkenet er i Frank Arhtur Bonnet-stil, og er laga i Øyfjell i Vest-Telemark. Det meste av møblar er kjøpt på Finn. I stova står det ein gammal restaurert omn frå Ulefoss Jernverk.

– Den er mest til pynt ettersom huset blir varma opp av vassboren varme i begge etasjar, forklarar Johan.

På døra i gamlestova er det eit

# på gammal gard





**FIN UTSIKT:** Frå Ryntveit gard har ein fin utsikt over Akkerhaugen og Norsjø.



**TATT VARE PÅ**: Det gamle uttrykket er ivaretatt med blant anna småruta vindauge og breiare panel.



**GLAD I FARGAR:** Helene er glad i fargar. I huset er det fargar på møblar, bilete, veggar og pynt.

ALLE FOTO: Åsne Mæland

dørhandtak og to beslag frå 1790. Dette er det einaste som var igjen etter brannen i 2005.

### Kutta ut epleproduksjon

Familien Haukvik trivst med å bu på den gamle, delvis nye, garden på Akkerhaugen.

– Då me overtok garden i 2009 var det mykje epleproduksjon, med mellom 6000-7000 tre. Etter nokre år valte me å rive opp eplatrea, då det blei for travelt å kombinere med små barn og jobb, fortel Helene.

I dag driv dei med produksjon av raudkløver og kveite, fordelt på 140 mål.

– Akkerhaugen er ein fin plass å bu i Midt-Telemark. Me er veldig glade i Norsjø, og har masse turområde tett på, seier Johan.

Han driv med elgjakt, og Haukvik Jaktlag har ein gapahuk ved garden.

### Føler seg heldige

I tillegg verdsett dei det gode lokalmiljøet, som dei har blitt godt kjent med gjennom jobb og fritid. Helene er lærar på Gvarv skule, og Johan driv Telemark Begravelsesbyrå.

Dei har blitt kjent med mange menneske gjennom ulike verv, og som trenarar i fritidsaktivitetar til barna.

– Me er begge frå store familiar, og er vant til å ha mykje folk rundt oss. Derfor er alltid døra open her. Eg føler at garden er heimen til heile familien min, seier Helene med et smil.

I jula 2024 var det 70 personar i juleselskap på garden.

– Det som skapar ein heim er familie. Det viktigaste er at me har kvarandre og verdiane våre, seier Johan.

– Me føler oss veldig heldige som kan kalle dette for heimen vår, avsluttar Helene.

**FAKTA**

## Ryntveitdrapet

- Ryntveit er ein gard med mykje historie.
- Ei kjent historie frå garden er drapet som skjedde rett i nærleiken i 1904, kalla Ryntveitdrapet.
- Tenestejenta Aaste Gunnardsrud (19) vart funnen brutalt drepen i skogen nær garden, og odelsguten på garden, Knut Ryntveit, tilstod drapet.
- Aaste skal ha vore gravid med barnet hans, noko familien til Knut ikkje aksepterte.
- Historia er eit tragisk eksempel på korleis klasseforskjellar spela ei stor rolle i samfunnet på den tida.
- Berre fire personar skal ha vore i gravferda til Aaste. Seinare vart det samla inn pengar til å reise ei gravstøtte til minne om Aaste Gunnardsrud. Den står framleis ved Sauherad kyrkje.
- Ved Ryntveit gard er det sett opp eit jernkors der drapet fann stad.



DANSK DESIGN
PÅ SITT BESTE!

Vi leverer kjøkken, bad, vaskerom og garderobeløsninger
– nesten alt kan tilpasses dine ønsker.

Vi har kjøkken i alle prisklasser og du velger selv om det
skal være montert eller flatpakket.

Butikken ligger på Gråtenmoen i Skien.

**Designa Skien**
Infanteriveien 22
3734 Skien
Tlf. 94 79 14 35
post@designaskien.no



Alt starter med et møte ... resten gjør vi!

Vi møter deg
- i butikken
- på Teams
- hjemme hos deg, **også i Bø**

Book møte med oss på Designa.no

Velkommen til oss!
Hilsen Yvonne og Anne

DESIGNA® KJØKKEN
alltid en ekstra innsats

DMK Bygg & Eiendom AS

Kontakt oss for uforpliktende tilbud!

97 77 10 80
david.andre@dmkbygg.no
www.dmkbygg.no




Alt innen nybygg og rehabilitering

- Vinduer
- Dører
- Kledning
- Tak
- Nybygg
- Tilbygg
- Gulv
- Terrasse
- Etterisolering
- Garasje
- Bad
- Stillasutleie

MESTER

BVN GODKJENT VÅTROMSBEDRIFT

# Dialektplakat




30 x 40 cm.

Passar både på hytta
og i heimen!

med ramme Kr. 300,-

utan ramme Kr. 200,-

Bø blad
Lokalavis for Midt-Telemark



**GOD DIALOG:** Snikkarane peikar på at godt samarbeid og god dialog med huseigar er viktig for å få eit godt resultat. ALLE FOTO: Øystein Akselberg

# Gammalt blir nytt

**Snikkarane Jøran og Erik jobbar med eit større rehabiliteringsoppdrag, der kunden har fått eit heilt nytt hus.**

Øystein Akselberg
oystein@boblad.no – tlf. 906 38 453

I Skyttarvegen i Bø har det sidan 1960-talet stått eit hus med ytterveggar av mur. No ser det ut som det står eit flunkande nytt hus på den same grunnmuren.

Midt-Telemark Bygg har fått oppdraget med å rehabilitere det gamle huset til Bjørg Anne Saglien og Ole Gunnar Plassen. Det er Bjørg Anne sin barndomsheim som no blir endra både utvending og innandørs.

### Nesten som nytt

Me møter Oddvar Kaasine og snikkarane Erik Gustafsson og Jøran Bø frå Midt-Telemark Bygg når me besøker byggjeplassen.

– Dette er ei større rehabilitering av eit murhus frå 1960-talet, seier Kaasine, og legg til at eigarane får eit heilt nytt hus, i alle fall med ein standard som er lik eit nytt hus.

Alt utvending er nytt, noko som betyr nye vindauge, ny ytterkledning og nytt tak. Huset er etterisolert ti centimeter utvending og fem centimeter innvendig. Taket er fora opp og loftet er blåseisolert.

Dei er i gang med siste etappe med isolering av grunnmur og drenering rundt denne, samt innfylling av massar rundt huset.

Innvendig er det også gjort saker og ting. Inngangspartiet er til dømes bygd om og utvida.

– Me starta opp i august i fjor og har brukt åtte-ni månader på dette. No er me inne i siste fase med ferdigstilling, seier dei to snikkarane.

### Retta på skeivheiter

– Dei fleste eldre hus har ein del skeivheiter som må ordnast opp i. Alt av golv og veggar er ikkje akkurat i vinkel, vater og lodd, seier Kaasine.

– Det går som oftast med ein del timar til oppretting for å få det riktig, seier Bø.

I enkelte tilfelle kan det vere så mykje som 15 centimeter i oppretting, men i Skyttarvegen var det ikkje så ille.

I tillegg til Midt-Telemark Bygg har det vore ei rekkje andre lokale aktørar i sving på prosjektet.

### Gode råd

– Når det gjeld eldre hus er det eit generelt råd å starte i tide med rehabiliteringa. Ein må ikkje vente til taket lek, seier snikkarane som har jobba på huset i Skyttarvegen.

På gamle hus vil alltid etterisolering vere eit tiltak.

– Hus både frå 1970- og 1980-talet og dei som er eldre enn det vil ha behov for å bli ordna på. Spesielt er taket viktig å følgje med på, seier fagfolka, og legg til at om ein har hus med takstein frå 1950-talet er det berre eit tidsspørsmål før eit større behov vil melde seg.

### Nøgde huseigarar

Bjørg Anne Saglien og Ole Gunnar Plassen seier at dei er svært nøgd med både prosessen og resultatet.

– Det har vore eit veldig godt samarbeid med alle aktørar undervegs. Det starta med Oddvar Kaasine og Snorre Aasen og god planlegging. Seinare har snikkarane vore svært greie å samarbeide med, seier huseigarane.

Med god tilrettelegging frå arbeidsfolket har dei budd i andre etasje gjennom heile byggeperioden.

Dei peikar også på at no er skeivheitar frå det gamle huset retta opp og huset er blitt moderne både innan elektrisk anlegg og anna rørsystem.



**UTVENDING ARBEID:** Grunnmurane blir drenert rundt og isolert, og massar fyld tilbake. Her er folk frå Groven og Karlsen i sving.



**NYTT OG FINT:** Eit eksempel på korleis det ser ut i den nye stova.



Vi tilbyr montering av elbil-ladere

Stor utvalg av modeller

Fra 9500,-

ink. mva. for standard montering



Vi leverer varmepumper til privat, næring og industri

Stort utvalg av modeller.

Fra 19.000,-

ink mva for standard montering.




Elektriker'n
Autorisert Installatør
Sauherad

EL-PROFFEN

Bryggevegen 23
3683 NOTODDEN
Tlf: 47 27 61 76
post@stromgutta.no

Velkommen til Telemarks største varmebutikk




Vi er hel ved!



Vi hjelper deg med alt fra idé til montering

Vi har montert og prosjektert 100-vis av ildsteder og tilhørende pipeløsninger.

Vi monterer både ildsted og pipe i eksisterende bygg eller i løpet av ditt hus-/hytteprosjekt.

Se vårt spennende utvalg i Dyrskuvegen 4 eller på seljordvarme.no

VÅRSLEPP TORSDAG 8. MAI
Lothepus, Bodil Nordjore og Bjørnis kommer – kommer du?



Seljordvarme®

Peiser | Piper | Ovner | Matovn | Utevarme
35 08 41 00 • post@seljordvarme.no • seljordvarme.no

Følg oss i sosiale medier
Seljordvarme

# – Me har bygd det m



STOR TOMT: Tomta på Stugumoen ligg fritt og fint til på eit hjørne i det nye byggefeltet.



GOD PLASS: Såmund (1) har godt med tumleplass, både i fellesareal og på eige soverom.



NYTT HUS: Jens Arve Arnesen og Liza Støa merkar at rentene er høge, men dei sparte halvannan million Nesje

**Ein stor del eigeninnsats løner seg når ein bygger nytt hus. Det har ein familie i Folkestad fått erfare.**

*Hilde Eika Nesje*
*hilde@boblad.no - tlf. 947 89 450*

Utgangspunktet var eit ferdighus frå katalog, men etter å ha teikna om på planløysinga har Liza Støa (35) og Jens Arve Arnesen (27) fått sin eigen vri på det nye huset sitt.

– Me var innom fleire andre hus, og er nå veldig glade for at me landa på dette. Her har me alt på eitt plan og mindre plass til å samle opp ting. Dessutan er det veldig lett å halde i orden og vaske, seier Liza.

### Alt på ei flate

Med ein aktiv eittåring i hus er det også godt å sleppe å passe på trapper. Vesle Såmund kan bevege seg nesten fritt omkring i det 180 kvadratmeter store huset på Stugumoen.

Liza og Jens Arve rakk akkurat å flytte inn før Såmund blei født. Da hadde begge jobba i huset både morgon og kveld i halvtanna år.

– Bygginga starta i 2021, og i eitt år og fire månader gjorde me nesten ikkje anna enn å jobbe her på fritida. Me stoppa bare opp i ein periode på tre månader, elles gjekk det i eitt fram til september 2023. Det var mykje jobb, seier Jens Arve.

### Har gjort det meste sjølv

Han er tømrar og jobbar til dagleg i firmaet Telemark Hus og Hytter AS på Ulefoss. Den erfaringa har kome godt med når eige hus skulle opp.

Jens Arve har gjort omtrent alt sjølv. I tillegg til å snikre har han støpt, laga ringmur og lagt fliser. Og sparkla mykje - av og til med litt hjelp frå ein kollega.

– Det er bare rørlegging og el-arbeid me har hatt andre fagfolk til, seier han.

Liza har sparkla litt og har måla det meste av huset.

Stove, spisestove og kjøkken, tre soverom, bad, vaskerom og ein teknisk bod har blitt reist og fått penselstrøk av det driftige paret. Ein utebod er også på plass.

### Sparte godt over ein million

Jens Arve og Liza trur dei har spart cirka 1,5 millionar kroner på eigeninnsatsen.

